

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune meiner det er prinsipielt feil at rassikringsprosjekt skal finansierast ved bruk av bompengar. Fylkesutvalet ber om at staten fullfinansierer prosjektet.»

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Det vert laga ei utgreiing av total bompengebelastning for området.»

### **Avrøysting**

Andersen sitt forslag fekk 4 (FNB, FRP, UA) røyster og fall.

Framnes sitt forslag fekk 4 (FNB, FRP, UA) røyster og fall.

Innstillinga punkt 1 og punkt 3 vart vedteke mot 4 røyster (FNB, FRP, UA).

Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (UA).

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune tilrår at Statens vegvesen startar utgreiing av eit fagleg grunnlag for bompengesak for E16 Stanghelle - Arna, basert på bompengeppletget som er føreslege av Statens vegvesen.
2. Vestland fylkeskommune ber Statens vegvesen vurdere ordningar som kan skjerme bebuarar langs sideveg for å ivareta nytteprinsippet.
3. Vestland fylkeskommune ber Statens vegvesen vurdere å stengje delstrekningane Trengereid - Vaksdal og Vaksdal - Stanghelle for gjennomkøyring, slik at vegen berre blir opna for å fungere som omkøyringsveg for E16.